

Kraftsituasjonen veke 7, 2022

Mykje vindkraft på kontinentet gav norsk nettoimport av kraft

Førre veke hadde Noreg nettoimport av kraft. Dette er første gong i 2022 at Noreg har meir import enn eksport gjennom ei veke. Det er sørlege Noreg (NO1, NO2, NO5) som importerer, medan Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) eksporterer.

Mykje vind bidrog til lågare kraftpris i fleire land sørlege Noreg har utveksling med. Til dømes fall vekeprisen i Tyskland med 30 prosent, og laurdag ettermiddag var det enkelte timar med negativ kraftpris. I sørlege Noreg verdset fleire vasskraftprodusentar vatnet høgare enn det kraftprisane på kontinentet var. Dei valde derfor å spare vatnet, for å heller ha moglegheita å produsera ved eit seinare tidspunkt. Dette bidrog til høgare import enn veka før for det sørlege Noreg.

Førebelse tal viser at sørlege Noreg importerte kraft tilsvarande 16 prosent av etterspurnaden gjennom veka. Dei siste tre vekene har denne andelen vore mellom 2-4 prosent. Meir import bidrog til at gjennomsnittleg vekepris vart redusert ti prosent, samanlikna med veka før, og enda på 108 øre/kWh. Framleis er kraftprisen i sørlege Noreg blant dei høgaste i Europa.

I motsetning til på kontinentet var det ein nedgang i vindkraftproduksjonen i Norden førre veke, og nedgangen var størst i de nordlege prisområda. Dette auka behovet for regulerbar vasskraft for å dekkja kraftetterspurnaden i desse prisområda. Ein god ressursituasjon bidreg til at Midt- og Nord-Noreg framleis har et lågt prisnivå. Vekeprisane enda på 14-15 øre/kWh, tilnærma uendra frå veka før.

Vassmagasinstatistikk

Ved utgangen av veke 7 var fyllingsgrada i norske magasin 42,7 prosent. Til samanlikning er medianverdien for fyllinga på tilsvarande tidspunkt 50,7 prosent for åra 2002-2021. Gjennom veka gjekk magasinfyllinga ned med 2,0 prosenteningar, og nærma seg medianverdien med 0,6 prosenteningar. Høgast magasinfylling hadde Nord-Noreg (NO4) med 57,2 prosent, mens Aust-Noreg (NO1) hadde lågast fylling med 30,3 prosent.

Vêr og hydrologi

I veke 7 var temperaturen 2-3 grader under vekegjennomsnittet for siste 20 år i Nord-Noreg, omkring gjennomsnittet i Midt- og Vest-Noreg og 1-2 grader over gjennomsnittet på Aust- og Sørlandet. I veke 8 er det venta temperaturar omkring vekegjennomsnittet Nord-Noreg og 1-2 grader over vekegjennomsnittet i Sør-Noreg.

For veke 7 er berekna tilsig 1,0 TWh. Det er 46 prosent over vekegjennomsnittet. I veke 8 er det venta eit tilsig på 0,7 TWh, det er 4 prosent over vekegjennomsnittet.

Berekna snømagasin i slutten av veke 7 er 47 TWh. Det er 6 TWh over gjennomsnittet (2001-2020) for denne tida av året. Snømagasin er 20 TWh større enn det var på same tid i fjor vinter. Prognosert snømagasin ved slutten av veke 8 er 51 TWh.

Det er store regionale forskjellar i snømengd, med jamt over mindre snø enn normalen over store deler av Aust-Noreg, og normale eller over normale snømengd i resten av landet. For fleire detaljar om snø, sjå: Snøforhold onsdag 16. februar 2022 - Varsom.¹

¹ <https://varsom.no/nytt/snorapporter-fra-nve/snoforhold-onsdag-16-februar-2022/>


Magasinfylling

Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool


	Prosent				Prosentteiningar		
	Veke 7 2022	Veke 6 2021	Veke 7 2021	Median veke 7	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2021	Differanse frå median
Norge	42,7	44,7	56,1	50,7	-2,0	-13,4	-8,0
NO1	30,3	33,1	43,4	35,0	-2,8	-13,1	-4,7
NO2	39,6	40,6	64,8	57,9	-1,1	-25,3	-18,3
NO3	46,5	50,1	45,3	43,0	-3,6	1,2	3,5
NO4	57,2	59,5	59,5	53,9	-2,3	-2,3	3,3
NO5	34,5	36,7	44,7	44,8	-2,2	-10,2	-10,3
Sverige	45,4	48,6	51,2	46,4	-3,2	-5,8	-1,0

*Referanseperioden for medianen er 2002-2021 for Noreg og dei fem norske elspotområda.



Figur 1: Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kjelde: NVE






Figur 2: Fyllingsgraden til vassmagasina i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi



Figur 3 Fyllingsgraden til vassmagasina i elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5. Prosent. Kjelde: NVE





Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE²

TWh	Veke 7 2022	Veke 7 Gjennomsnitt	Veke 7 2021	Differanse fra same veke i 2021	Prosent av gjennomsnitt veke
Tilsig	1,0	0,7	0,4	0,6	146
Nedbør	3,4	2,9	2,9	0,5	120

Tabell 2a Utviklinga i tilsig og nedbør så langt i år. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE²


TWh	Veke 1-7 2022	Gjennomsnitt	Differanse fra gjennomsnitt
Tilsig	8,9	6,1	2,8
Nedbør	40,0	24,5	15,5

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE²

	TWh	Prosent av gjennomsnitt
Tilsig	0,7	104
Nedbør	4,7	167

For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>


Figur 4 Nedbør i Noreg 2021 og 2022, og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE²




² For fleire detaljar sjå <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>

Figur 5 Nyttbart tilsig i Noreg i 2021 og 2022, maks, min og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: Nord Pool og NVE²

Kjelde: Nord Pool og NVE²



Figur 6 Hydrologisk balanse for Noreg, ref. periode (2002-2021). Kjelde: NVE²



*Hydrologisk balanse er definert som samla vasskraftpotensial samanlikna med normalt


Tabell 3 Hydrologisk balanse for Noreg. Kjelde: NVE²

TWh	Veke 7 2022	Anslag veke 8 2022
Avvik magasin	-6,2	-6,1
Avvik snø, grunn- og markvatn	6,7	8,7
Hydrologisk balanse	0,6	2,6

Figur 7 Temperaturar i Noreg per dag, gjennomsnitt og normal for veka. Kjelde: Meteorologisk institutt og SKM Market Predictor



Figur 7b Utviklinga av snømagasin for dei norske vassmagasina vintrane, 2019/20, 2020/21 og 2021/22 i GWh. Gjennomsnitt, maksimum og minimum er for 20-års-perioden 2001-2020. Raud linje synar òg prognose. Kjelde: NVE



Produksjon, forbruk og utveksling


Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor

	Veke 7	Veke 6	Endring frå førre veke (GWh)	Endring frå førre veke (%)
<i>Produksjon</i>				
Norge	3 009	3 208	-200	-6 %
NO1	300	301	-1	0 %
NO2	843	1 086	-243	-22 %
NO3	609	644	-35	-5 %
NO4	696	588	108	18 %
NO5	561	590	-29	-5 %
Sverige	3 800	3 952	-151	-4 %
SE1	626	462	165	36 %
SE2	1 156	1 327	-171	-13 %
SE3	1 720	1 877	-157	-8 %
SE4	298	286	11	4 %
Danmark	924	908	15	2 %
Jylland	610	617	-7	-1 %
Sjælland	314	291	23	8 %
Finland	1 375	1 409	-34	-2 %
Norden	9 108	9 477	-369	-4 %
<i>Forbruk</i>				
Norge	3 114	3 076	39	1 %
NO1	835	822	13	2 %
NO2	826	822	4	0 %
NO3	633	627	7	1 %
NO4	447	432	15	4 %
NO5	373	373	-0	0 %
Sverige	3 152	3 139	13	0 %
SE1	241	238	2	1 %
SE2	382	353	28	8 %
SE3	1 992	2 001	-10	0 %
SE4	538	546	-8	-1 %
Danmark	768	768	-0	0 %
Jylland	476	472	3	1 %
Sjælland	292	296	-4	-1 %
Finland	1 754	1 753	1	0 %
Norden	8 788	8 735	53	1 %
<i>Nettoeksport</i>				
Norge	-106	133	-238	
Sverige	648	813	-164	
Danmark	156	141	16	
Finland	-378	-343	-35	
Norden	321	743	-422	


*Ikkje temperaturkorrigerte tal.

Vind- og kjernekraftproduksjon



Figur 8 Kjernekraftproduksjon i Sverige og Finland dei to siste vekene. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk).



Figur 9 Vindkraftproduksjon i Noreg, Danmark, Finland og Sverige dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Noreg, Danmark, Finland og Sverige i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 10 Vindkraftproduksjon i Norden ,Tyskland og Storbritannia dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Norden ,Tyskland og Storbritannia i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk


Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk)

Norge (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	24,2	28,8	-19,0	-4,6
Forbruk	22,8	26,6	-16,5	-3,8
Nettoeksport	1,3	2,2		-0,8


Norden (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	69,0	73,5	-6,4	-4,4
Forbruk	65,1	73,2	-12,5	-8,1
Nettoeksport	4,0	0,3		3,7

Utvexling


Figur 11 Nettoutveksling pr. veke for Noreg og Norden i år og førre år., GWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 12 Import og eksport i dei norske elspotområda førre veke. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor.



Figur 13 Marknadsflyt mellom elspotområda i Norden førre veke, GWh. Kjelde: SKM Syspower




* Tal for veka før står i parentes. Mellom Russland og Finland er det oppgjeve tal for fysisk flyt.

Kraftprisar Engrosmarknaden


Tabell 6 Kraftprisar – nordiske elspotområde*. Vekesnitt. Kjelde: SKM Market Predictor.

kr/MWh	Veke 7	Veke 6 (2022)	Veke 7 (2021)	Endring frå førre veke (%)	Endring frå i fjor (%)
NO1	1075,9	1197,4	483,5	-10,1	122,5
NO2	1075,9	1197,4	460,1	-10,1	133,9
NO3	144,5	131,7	411,3	9,7	-64,9
NO4	143,0	131,7	401,6	8,6	-64,4
NO5	1075,1	1197,4	483,5	-10,2	122,4
SE1	158,8	135,7	420,1	17,0	-62,2
SE2	158,8	135,7	420,1	17,0	-62,2
SE3	621,1	551,6	495,7	12,6	25,3
SE4	621,1	556,5	499,1	11,6	24,4
Finland	703,8	712,9	617,7	-1,3	13,9
Jylland	846,2	1167,7	456,3	-27,5	85,5
Sjælland	619,8	1033,5	499,5	-40,0	24,1
Estland	764,1	1013,9	641,9	-24,6	19,0
System	814,0	800,8	456,3	1,7	78,4
Nederland	1514,2	1684,1	456,5	-10,1	231,7
Tyskland	964,7	1428,3	457,0	-32,5	111,1
Polen	985,8	1209,4	642,8	-18,5	53,4
Storbritannia	1762,3	1989,4	553,9	-11,4	218,2

Figur 14 Gjennomsnittleg vekespris for prisområda Noreg i år. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 15 Spotprisar i Nord en, Nederland, Tyskland og Storbritannia i førre veke. Kjelde: SKM Market Predictor




Terminmarknaden

Tabell 7 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt CO₂-kvotar. Kjelder: SKM Market Predictor. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

Terminprisar (kr/MWh)		Veke 7	Veke 6	Endring (%)
Nasdaq OMX (nordisk kraft)	Mars	667,7	650,7	2,6
	April	623,2	583,1	6,9
	2. kvartal 2022	461,1	431,3	6,9
	3. kvartal 2022	325,3	312,8	4,0
EEX (tysk kraft)	2. kvartal 2022	1689,2	1716,8	-1,6
	3. kvartal 2022	1771,1	1815,9	-2,5
CO ₂ (kr/tonn)	Desember 2022	902,6	935,0	-3,5
	Desember 2023	917,6	950,8	-3,5

Figur 16 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 17 Daglege sluttprisar for utslippskvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: SKM Market Predictor



Sluttbrukarprisar

Tabell 8 Vekeutvikling i sluttbrukarprisar. Alle prisar er inkl. mva. bortsett frå spotpriskontrakt i Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

Øre/kWh		Veke 7 2022	Veke 6 2022	Veke 7 2021	Veke 7 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
Variabelpris kontrakt*	Snitt frå eit utval av leverandørar	166,0	175,0	82,9	52,4	-9,0	83,1	113,6
Marknadspris- / spotpriskontrakt		Veke 7 2022	Veke 6 2022	Veke 7 2021	Veke 7 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
	Aust-Noreg (NO1)	138,9	154,1	64,8	19,7	-15,2	74,1	119,2
	Sørvest-Noreg (NO2)	138,9	154,1	61,9	19,7	-15,2	77,0	119,2
	Midt-Noreg (NO3)	22,5	20,9	55,8	20,4	1,6	-33,3	2,1
	Nord-Noreg (NO4)	17,8	16,7	43,7	16,3	1,1	-25,9	1,5
Vest-Noreg (NO5)	138,8	154,1	64,8	19,7	-15,3	74,0	119,1	
Fastpriskontrakt		Veke 7 2022	Veke 6 2022	Veke 7 2021	Veke 7 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
	1 år (snitt Noreg)	112,3	113,8	77,3	45,6	-1,5	35,0	66,7
	3 år (snitt Noreg)	88,2	89,2	45,0	44,7	-1,0	43,2	43,5


* Metoden for berekning av variabelpriskontrakt er gjennomsnittet av kontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder.

Figur 18 Vekeutvikling i pris på spotpriskontrakt* med eit påslag på 4,4 øre/kWh. Kjelder: Nord Pool Spot og NVE.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.

Figur 19 Vekeutvikling i prisane for spotpriskontraktar*, eitt- og treårige fastpriskontraktar** og variabelpriskontraktar***, basert på eit årleg forbruk på 20 000 kWh. Alle prisar inkl. mva. i norske øre/kWh. Kjelde: Forbrukerrådet.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.** For fastpriskontraktar er det brukt eit gjennomsnitt av fastpriskontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder.*** Prisar for variabelpriskontraktar vert meldt fram i tid. Metoden for å berekne variabel priskontrakt er å rekne gjennomsnittet av kontraktar som er tilbydd i fleire enn ti nettområder.

Tabell 9 Vekeutvikling i straumkostnaden* for sluttbrukarar. Straumkostnaden er eksklusiv nettleige** og forbruksavgift, men inkl. mva. bortsett frå elspotområdet Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

		Berekna		Berekna	Berekna	Berekna	Differanse	Berekna	Differanse	
		straumkost.		straumkost.	straumkost.	straumkost.	frå 2021 til	straumkost.	frå 2020 til	
		veke 7 2022		veke 6 2022	Endring frå	veke 7 2021	no i år	veke 7 2020	no i år	
		NOK			førre veke					
Marknadspri-/ spotpriskontrakt	Aust-Noreg (NO1)	10 000 kWh	385	432	-48	3356	180	1888	55	2737
		20 000 kWh	769	865	-95	6712	359	3776	109	5473
		40 000 kWh	1539	1729	-191	13424	686	7882	219	10946
	Sørvest-Noreg (NO2)	10 000 kWh	385	432	-48	3356	171	1971	55	2736
		20 000 kWh	769	865	-95	6712	343	3941	109	5473
		40 000 kWh	1539	1729	-191	13424	686	7882	219	10946
	Midt-Noreg (NO3)	10 000 kWh	62	59	4	636	155	-629	56	39
		20 000 kWh	124	117	7	1272	309	-1259	113	79
		40 000 kWh	249	234	15	2545	618	-2517	226	158
	Nord-Noreg (NO4)	10 000 kWh	49	47	3	486	121	-418	45	9
		20 000 kWh	99	94	5	972	242	-835	90	19
		40 000 kWh	197	187	10	1944	484	-1670	181	37
	Vest-Noreg (NO5)	10 000 kWh	384	432	-48	3297	180	1831	55	2677
		20 000 kWh	769	865	-96	6594	359	3663	109	5355
		40 000 kWh	1537	1729	-192	13188	718	7326	219	10710
Variabelpris kontrakt	10 000 kWh	467	498	-31	3757	237	2286	152	2539	
	20 000 kWh	919	982	-63	7417	459	4580	290	5083	
	40 000 kWh	1825	1950	-125	14737	904	9166	565	10169	

* NVE nyttar ein temperaturkorrigert justert innmatingsprofil, basert på alminneleg forsyning i 2009-2014, for å berekna straumkostnaden til sluttbrukarane. Innmatingsprofilen er berekna av konsultentselskapet Optimeering AS på oppdrag frå NVE. Den same innmatingsprofilen er nytta for alle elspotområda og variabelpriskontrakt.

** Oversikt over nettleige per fylke og nettselskap finnes på RMEs nettsider.

Tilstanden til kraftsystemet³

Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til heimesidene til Nord Pool.

Produksjon

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Planned	NO4	Statkraft Energi AS	Skjomen	2022-02-14	2022-02-18	4 dagar	300	0-300	Link 9
Unplanned	SE3	Stockholm Exergi AB	Värtan KVV1	2022-02-03	2022-02-24	20 dagar	190	190	Link 2
Unplanned	DK1	Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S	Studstrupværket SSV4	2022-02-18	2022-02-22	4 dagar	380	230-380	Link 3
Planned	DK1	Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S	Studstrupværket SSV3	2022-02-16	2022-02-18	2 dagar	380	380	Link 5
Unplanned	SE3	OKG Aktiebolag	Oskarshamn 3 G3	2022-02-19	2022-02-27	8 dagar	1400	1400	Link 15

Overføring

Type	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Unplanned	Statnett SF	NO2 → NO5	2022-02-15	2022-02-21	6 dagar	500	400-500	Link 1
Unplanned	Statnett SF	NO5 → NO2	2022-02-15	2022-02-21	6 dagar	600	300-400	Link 1
Unplanned	Statnett SF	NO5 → NO1	2022-02-15	2022-02-21	6 dagar	3900	0-100	Link 1
Planned	Svenska kraftnät	DK2 → SE4	2022-02-18	2022-02-28	10 dagar	1700	400-1000	Link 4
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2022-02-18	2022-02-28	10 dagar	6200	900-1500	Link 4
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2022-02-18	2022-02-28	10 dagar	7300	800	Link 4
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → NO1	2022-02-18	2022-02-28	10 dagar	2095	1245-1545	Link 4
Planned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2022-02-18	2022-02-28	10 dagar	1200	900	Link 4
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → DK1	2022-02-18	2022-02-28	10 dagar	715	515	Link 4
Unplanned	Statnett SF	NO5 → NO3	2022-02-12	2022-03-06	22 dagar	500	400	Link 6

³ Kjelde: <http://umm.nordpoolspot.com/> ("Urgent Market Messages (UMM)")

Unplanned	Statnett SF	SE2 → NO3	2022-02-12	2022-03-06	22 dagar	1000	300	Link 6
Unplanned	Statnett SF	NO3 → NO5	2022-02-12	2022-03-06	22 dagar	500	500	Link 6
Unplanned	Statnett SF	NO3 → SE2	2022-02-18	2022-03-06	16 dagar	600	100	Link 6
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → NO2	2022-02-11	2022-03-04	21 dagar	1444	44-1444	Link 7
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NO2 → DE-LU	2022-02-11	2022-03-04	21 dagar	1444	44-1444	Link 8
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2020-06-15	2022-11-02	870 dagar	1000	0-1000	Link 10
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2020-06-08	2022-11-22	897 dagar	1000	0-1000	Link 11
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2020-06-15	2022-11-02	870 dagar	985	336-985	Link 12
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2020-06-08	2022-11-22	897 dagar	985	336-985	Link 13
Unplanned	Statnett SF	NL → NO2	2022-02-13	2022-02-16	3 dagar	723	723	Link 14
Unplanned	Statnett SF	NO2 → NL	2022-02-13	2022-02-16	3 dagar	723	723	Link 14
Planned	Statnett SF	NO2 → GB	2021-10-01	2022-03-14	165 dagar	1400	350-700	Link 16
Planned	Statnett SF	GB → NO2	2021-10-01	2022-03-14	165 dagar	1400	350-700	Link 16
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK1	2022-02-15	2022-02-17	2 dagar	2500	1050	Link 19
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK1	2022-02-14	2022-02-18	4 dagar	2500	1050	Link 20
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK1	2022-02-14	2022-02-18	4 dagar	2500	1050	Link 21
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → DE-LU	2022-02-15	2022-02-17	2 dagar	2500	2000	Link 22
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → DE-LU	2022-02-14	2022-02-18	4 dagar	2500	2000	Link 23
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → DE-LU	2022-02-14	2022-02-18	4 dagar	2500	2000	Link 24
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → NO2	2022-01-14	2022-03-31	76 dagar	1444	44-1444	Link 26
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NO2 → DE-LU	2022-01-14	2022-03-31	76 dagar	1444	44-1444	Link 27
Unplanned	Svenska kraftnät	DK1 → SE3	2022-01-20	2022-04-01	71 dagar	715	370	Link 28
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → DK1	2022-01-20	2022-04-01	71 dagar	715	370	Link 28
Planned	Energinet	NO2 → DK1	2019-11-19	2023-06-30	1319 dagar	1632	0-1024	Link 29
Planned	Energinet	DK1 → NO2	2019-11-19	2023-06-30	1319 dagar	1632	0-830	Link 29
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	7300	800	Link 30
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → NO1	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	2095	1545	Link 30
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → DK1	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	715	415	Link 30

Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	6200	1200	Link 30
Planned	Svenska kraftnät	FI → SE3	2022-01-01	2022-03-15	73 dagar	1200	900	Link 30
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2021-11-16	2022-03-15	119 dagar	7300	1000	Link 31
Planned	Svenska kraftnät	SE1 → SE2	2021-11-16	2022-03-15	119 dagar	3300	400	Link 31
Planned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2021-11-16	2022-03-15	119 dagar	6200	1000	Link 31

Forbruk

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Planned	FI	UPM Energy Oy	Jämsänkoski Paper Mill / PM	2021-12-31	2022-03-12	71 dagar	200	180	Link 17
Planned	FI	UPM Energy Oy	Rauma Paper Mill / PM	2021-12-29	2022-03-12	72 dagar	185	165	Link 18
Planned	SE2	Volue Market Services AS	SCA Ortviken, Sundvall Paper Mill	2021-01-19	2023-12-31	1076 dagar	240	100-210	Link 32